

**Måndag vert alle naboane til festivalområdet  
inviterte til informasjonsmøte i Gamleskulen klokka. 19.**

**Det er arbeidsgruppa for Tryggleik og beredskap  
som er ansvarlege for altvakhald, skilting, brannvern,  
innsjekk, ordninga med verge og kontakten  
med Politiet og Røde Kors.**

Festivalleinga har før hatt to møte med dei næraste naboane.

No gjeld invitasjonen alle som bur i området sentrum, Skårhaug, Myro og Myklebust, eller skal vi sei alle som bur langs vegen frå Uskedal bru til Myklebustsvingen og på oppsida av vegen gjennom sentrum frå brua til Auto 88 og vegen som fører opp til Halsabråtet.

På møtet vert det orientert om vaktplanen og kva tiltak ein iverkset for å hindra ferdsle og trafikk på privat grunn.

Det er no klart at all inngang til festivalområdet går via Gardsbarnehagen. Det vert såleis ikkje inngang frå Halsabråtet og turvegen over Dønahug vert stengt i opnings- og konserttida til Festidalen.

Dette er ein invitasjon til dei som ynskjer informasjon.

Møtet vert kunngjort på denne måten og vi bed om at alle hjelper til med vidare informasjon til dei som ikkje har tilgang på internett og uskedalen.no

**Arbeidsgruppa for Tryggleik og beredskap  
Kristian Olav Bringedal**